



2018 - 2023

# Fagskolen som regional utviklingsaktør

Revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland



# Forord

I 2017 handsama stortinget Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden, og det vart vedteke fleire viktige tiltak for å styrka og heve status for fagskoleutdanningane. Døme på tiltak er mellom anna at fagskolen no vert definert som høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring, fagskolepoeng vart gjort om til studiepoeng, og fagskolestudentane fekk rett til å vere medlem i ein studentsamskipnad.

Visjonen er at fagskoleutdanningane på sikt skal vere meir attraktiv, ha fleire studentar, større fagmiljø og at fagskolesektoren som heilheit skal vere meir synleg og etterspurt i arbeidslivet. Med stortingsmeldinga vil regjeringa leggje til rette for god utdanningskvalitet, meir solide fagskolar og tettare samarbeid mellom fagskolane og arbeidsliv, og samtidig laga grunnlag for å ytterlegare løfta fagskolesektoren i tida framover.

Gjennom Regional plan for kompetanse og arbeidskraft har Hordaland fylkeskommune eit sterkt fokus på fagskolen si rolle i høve til regional utvikling og kompetansopolitikk. Styret for Fagskolen i Hordaland, saman med skoleeigar, må følgje opp den nasjonale satsinga og ettersjå at rammene og føresetnadene for fagskolesektoren vert betra i åra framover.

Dei siste åra har det skjedd hurtige endringar i kompetansebehovet i regionen. Nokre næringar har hatt ei stor vekst og utvikling, medan andre næringar, som petroleumsnæringa, har hatt ei nedgang. Desse endringane i samfunnet stiller også krav til ulike kompetansetiltak; nye utdanningar, dreining av kompetanse og meir etter- og vidareutdanning. I tillegg skjer det ei rask utvikling innan digitalisering i fleire næringar, og fagskolen må vere rusta til å imøtekome slike nye kompetansebehov. Fagskolen i Hordaland har vore igjennom store omstillingar dei siste fem åra. Sju fagskolar er blitt til éin; krav til kvalitet i utdanningane, samt krav til dokumentasjon og rapportering har auka betrakteleg, og fagskolen har vore igjennom ein stor revisjon.

Dei organisatoriske endringane som er gjort ved fagskolen dei siste åra har bidrege sterkt til at organisasjonen no har moglegheit for å imøtekome hurtig skiftande kompetansebehov, og vere ein utdanningsinstitusjon som i langt større grad er i takt med arbeids- og næringsliv.

Strategiplan for Fagskolen i Hordaland skal med bakgrunn i den vidare satsinga og styrkinga av fagskolane arbeide aktivt med å vidareutvikle kvaliteten i utdanningane, styrkja samarbeidet med næringslivet, og fagskolen sin posisjon i regionen som ein regional utviklingsaktør. Fagskolen i Hordaland skal også søkje om fagområdeakkreditering innan skolen sine største fagområde, bygg og elektro, og dette vil gi arbeidslivet i regionen endå større moglegheiter til kompetanseheving. Fagskolen i Hordaland skal vidareutvikle seg innan skolen sine eksisterande fagområder, men også innan nye områder slik som mellom anna havromsteknologi og industri 4.0. Fagskolen vil med dette vere førebudd på framtida, og vil kunne vere ein sentral aktør i vestlandsregionen i høve til kompetanseutvikling i arbeids- og næringsliv.



Roald Kvamme  
styreleiar, Fagskolen i Hordaland

## OM RAPPORTEN

Ansvarleg avdeling/eining: Fagskolen i Hordaland

Kontaktinformasjon/ e-post: post.fih@hfk.no

Dato: 28.09.2018

# INNHALD

<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
1.1 Bakgrunn for revidert strategiplan .....	4
<b>2.0 RAMMER OG STYRINGSSIGNALER .....</b>	<b>5</b>
2.1 Fagskolen sitt samfunnsmandat .....	5
2.2 Skoleeigar .....	5
2.3 Kunnskapsdepartementet .....	7
2.4 Fagskolen som regional utviklingsaktør.....	7
2.5 Kort tilbakeblikk på Fagskolen i Hordaland.....	7
2.6 Fagskolen i utdanningssystemet.....	9
- Høgare yrkesfagleg utdanning.....	9
2.7 Fagskolen i Hordaland i dag .....	9
2.8 Morgondagens fagskole .....	11
<b>3.0 STRATEGI OG SATSINGSOMRÅDE FOR FAGSKOLEN I HORDALAND.....</b>	<b>15</b>

# 1.0 Innleiing

## 1.1 BAKGRUNN FOR REVIDERT STRATEGIPLAN

Revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland tek utgangspunkt i «Fagskolen som regional utviklingsaktør – ein strategiplan for Fagskolane i Hordaland – 2006-2010».

Endringar i rammeføresetnader; behov og trendar i marknaden og ny teknologi i tillegg til at ei rekkje av tiltaka i førre strategi er implementert, gjer at det no er utarbeidd ein ny revidert strategiplan for Fagskolen i Hordaland. Vidare er arbeidet med å søkje om fagområdeakkreditering starta, og gjennom denne strategien skal fagskolen vise grunnlaget for å skape ei stabil fagskoleverksemd dei neste 5 åra. Fagskolen sin stabilitet skal i tillegg verte belyst i høve til rekruttering av studentar, fagskolen sin økonomi, arbeidslivet sine behov, fagmiljøet si samansetning og leiinga sine prioriteringar.

For tida er det ei rekkje omfattande omstillingsprosjekt i Hordaland fylkeskommune og ved Fagskolen i Hordaland, og det er derfor ikkje høve til å gjere ein like omfattande strategiprosess som den førre strategiplanen for 2006-2010. Det vart derfor bestemt å etablere ei arbeidsgruppe med eit avgrensa tal på deltakarar, og revidere førre strategiplan i høve til dagens status og føresetnader.

### **Deltakarar i arbeidsgruppa:**

Styreleiar, Roald Kvamme

Rektor, Torbjørn Tvedt

Studentrepresentant, Thomas Rimmereide

Tilsettrepresentant, Trude Amundsen

Spesialrådgjevar, Adeline Berntsen Landro

Avdelingsleiar, Reidar Bøen

Strategiplanen har vore sendt til arbeidstakarorganisasjonane for innspel.

Strategiplanen har vore handsama i leiargruppa.

I førre strategiperiode vart følgjande strategiske område valde ut, og desse har det vore arbeidd med og er no implementert:

- Fagskoleverksemda i fylket vart samla under eitt styre. Dette har gitt ei god oversikt over fagskoleutdanninga i fylket og betre koordinering av drifta.
- Fagskoleverksemda er skilt ut frå vidaregåande drift og profilert som eit eige skoleslag.
- Hordaland fylkeskommune og styret for fagskolen har vidareutvikla fagskolen ved å opprette nye tilbod – først innan helsefag, og ved å vidareutvikle eksisterande tilbod innan tekniske fag i tråd med næringslivet sin trong for arbeidskraft.
- Finansieringa av fagskolen er blitt statleg i tråd med Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning.
- Det er utvikla eit breitt desentralisert fagskoletilbod i fylket som er bygt opp kring solide berekraftige fagmiljø.
- Fagskoletilbodet er tilpassa næringslivet sine behov. Tilboda har utgangspunkt i at næringslivet har trong for arbeidskraft med fagskoleutdanning.
- Fagskoletilbodet er tilpassa studentane sine behov. Fagskolen har tilpassa undervisninga slik studentane ønskjer det, t.d. ved å leggje til rette for å kombinere studiar og arbeid.

## 2.0 Rammer og styringssignaler

### 2.1 FAGSKOLEN SITT SAMFUNNSMANDAT

Fagskolen i Hordaland skal leggje til rette for fagskoleutdanning av høg kvalitet og for at fagskolestudentane får gode føresetnader for å gjennomføre ei utdanning. Fylkeskommunane skal sørge for at det vert tilbydd akkreditert fagskoleutdanning i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt, og Fagskolen i Hordaland skal også bidra til dette. Fagskoleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning og ligg på nivået over vidaregåande opplæring. Fagskoleutdanning skal gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak.

### 2.2 SKOLEEIGAR

Hordaland fylkeskommune har ei rekkje tenester til innbyggjarar, leiarar av lag og organisasjonar eller til tilsette i kommunane i fylket. Visjonen vår er "attraktiv og nyskapande". Samfunnsoppdraget vårt er "Vi utviklar Hordaland" og verdiane våre er "kompetent, offensiv og i dialog".

Hordaland fylkeskommune er eigar av Fagskolen i Hordaland og meiner at fagskolen er ein viktig utdanningsinstitusjon og regional utviklingsaktør for Hordalandsregionen. Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune har i sak PS 21/2017 «Fagskolane i Hordaland – utfordringar og moglegheiter» gjort ei rekkje vedtak for å styrka skolen.

Fylkestinget vedtek følgjande tiltak for å styrkja fagskulesektoren i regionen:

- Administrasjonen må fremja ei sak som gjer greie for fordelar og eventuelle utfordringar ved ulike eigarskapsmodellar. Saka skal også gjera greie for korleis styret for fagskulane kan setjast saman gjennom ekstern representasjon i tillegg til eigarrepresentasjon.
- Fylkeskommunen skal gå i dialog med Høgskulen på Vestlandet med mål om å inngå ein samarbeidsavtale om gode og høvelege overgangar mellom fagskoleutdanningar og bachelorutdanningar.
- Fylkeskommunen må nytta sin regionale kompetanse til å kartleggja og fremja behov for fleire studieplassar og fagskoleutdanningar i dialog med sentrale styresmakter når ny finansieringsordning skal etablerast.
- Fylkeskommunen må vurdere korleis fagskulane skal organiserast i ei eventuell ny regionsamansetning.

Følgjande tiltak vert sendt over til styret for Fagskolane i Hordaland:

- Fylkestinget vil at Fagskolane i Hordaland skal vera ein sentral aktør i regionalt utviklingsarbeid i høve til kompetanseheving, innovasjon og det grønne skiftet. Styret for Fagskolane i Hordaland bør utarbeida ein strategi for å:
  - få fagområdegodkjenningar
  - utvikla nye fagskoleutdanningar
  - styrka samarbeid med arbeidslivet i regionen
  - arbeida målretta med internasjonalisering, innovasjon og det grønne skiftet

## 2.1.1 Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Føremålet med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er å bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Hovudfokuset blir retta mot samanhengen mellom arbeidsliv og utdanning, samt utfordringar som har betydning for at arbeidslivet opplever problem med tilgang på tilstrekkeleg arbeidskraft og rett kompetanse. Omgrepet arbeidsliv inkluderer både offentleg og privat sektor. Eit sentralt mål har vore å utforme ein plan som kan vere dynamisk og bidra til å handtere endringar i arbeidsmarknaden. Planen vil ha eit perspektiv fram mot 2030.

Fagskoleutdanning har ein sentral plass i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og vidare følgjer målsettingane og tiltaka som er nedfelt i planen i høve til fagskolesektoren.

### MÅL OG TILTAK I REGIONAL PLAN FOR KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT

#### Dimensjonering av fagskoleutdanninga

##### Hovudmål:

Arbeidslivet sine behov for spesialiserte fagutdanningar skal vere avgjerande for dimensjoneringa av utdanningstilboda på fagskolenivå

##### Delmål:

- Auka fleksibilitet og evne til å snu seg etter skiftande kompetansebehov i regionen gjennom å opprette og leggje ned utdanningstilbod
- At fagskolane framstår som eit tydeleg skoleslag på tertiært nivå med klårt skilje frå vidaregåande utdanning.
- Gode økonomiske føresetnader som sikrar moglegheiter for vekst i fagskoleutdanninga

##### Tiltak 5.5

Dokumentere behovet for auka utdanningskapasitet i Hordaland og melde dette til sentrale myndigheiter. Gjennomføre jamlege kandidatundersøking blant uteksaminerte studentar ved fagskolane i Hordaland for å kartlegge om dei får jobb, kor lang tid det tek og karriereavansament etter fagskolen.

##### Tiltak 5.6

Styrkje kjennskapen til fagskoleutdanningane i rådgjevartenesta både i ungdomsskolen og i vidaregåande skole.

Styrkje informasjon til elevar og ungdomsskolar og vidaregåande skolar om fagskole som vidare utdanningsveg og som overgang til universitet og høgskole.

#### Eit heilskapleg utdanningssystem!

##### Hovudmål:

Betre samordning på tvers av utdanningsnivåa for å sikre meir gjennomgåande og heilskaplege utdanningsløp

##### Tiltak

Etablere fleire gode overgangar mellom yrkesfagleg utdanning, fagskole og høgskole/universitet der fagbrev er fyrste steg mot ein bachelor eller mastergrad, til dømes Y-vegen.

## 2.3 KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

I samband med Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning er det i 2018 etablert ei ny tilskotsordning der fylkeskommunane får tilskot til fagskoleutdanning frå Kunnskapsdepartementet. Gjennom denne ordninga har Kunnskapsdepartementet sett følgjande målsetting for fagskolesektoren:

### **Høg kvalitet i fagskoleutdanning.**

Fagskoleutdanning skal vere av høg kvalitet og sikre gode vilkår for studentane. Det er potensiale for å betre kvaliteten i fleire fagskoleutdanningar.

### **Yrkesretta fagskoleutdanning.**

Fagskolesektoren skal utdanne kandidatar som kan gå rett inn i yrkeslivet, med den praktiske og teoretiske kunnskapen som det er behov for i det enkelte yrket. Vurderingar av relevansen i fagskoleutdanningane er derfor viktig.

### **God tilgang til fagskoleutdanning.**

Regjeringa vil at fagskolane skal bli ein større og viktigare del av det norske utdanningssystemet, og at ein større del av studentane skal ta fagskoleutdanning.

### **Effektiv og solid fagskolesektor.**

Mange av fagskolane er svært små, dette er lite heldig med tanke på fagleg styrke og soliditet ved fagmiljøa. Kvalitet og robuste miljø handlar også om administrativ kapasitet og kompetanse.

## 2.4 FAGSKOLEN SOM REGIONAL UTVIKLINGSAKTØR

Fagskolen i Hordaland finn ein både i Bergen og i kommunar som Austevoll, Voss, Ulvik og Stord. Fagskolane har det fortrinn at dei har vakse fram frå behovet for arbeidskraft i tett tilknytning til industri og utviklinga i det lokale næringslivet. Dette gjev fagskolane den føremon at dei raskt fangar opp endringsbehov i samfunns- og arbeidsliv. Ein god fagskole kan dermed vere ein viktig aktør innanfor den regionale utviklinga, både når det gjeld opplæring og næring.

**«Fagskoletilboda kan aktivt innrettast meir mot omstilling, innovasjon og grønt skifte. Som skoleeigar har fylkeskommunen gitt fagskolestyret signal om å gå i den retninga. Dette krev god dialog og samarbeid mellom fagskolane og næringslivet, og det må utarbeidast eit betre kunnskapsgrunnlag for kva kompetansebehov næringslivet har på dette området.»**

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Ein av dei viktigaste føresetnadene for å stimulere til lokal innovasjon, er at det finst lokale, formelle institusjonar som bidreg til kompetansebygging, læring og samarbeid mellom verksemdar. Fagskolen skal spela ei rolle i høve til regional utvikling med sine korte utdanningsvegar. Desse skal vere tilpassa behova til både arbeids- og næringsliv og den einskilde student, bl.a. gjennom å leggje til rette for stadbaserte utdanningar, deltidsutdanningar og nettstøtta undervisning, slik at fagskoleutdanninga kan kombinerast med arbeid.

## 2.5 KORT TILBAKEBLIKK PÅ FAGSKOLEN I HORDALAND

Hordaland fylkeskommune er ein av dei dominerande fagskoleaktørane i landet med lange tradisjonar innanfor teknisk og maritim fagskole. I seinare tid har det også kome til andre fagretningar som innan helse, grøne og marine fag. I 2010 eigde Hordaland fylkeskommune 8 fagskolar; i dag er desse blitt til ein gjennom ein lengre prosess med samanslåingar. Hordaland fylkeskommune har systematisk arbeid med å styrke fagskolen gjennom å skape ein robust administrasjon og eit større og breiare fagmiljø.

### **Bergen maritime fagskole**

I Bergen var det byen sin plass innanfor sjøfart som vart styrande for den første utdanninga som kan kallast kimen til den maritime fagskolen. Frå 1684 vart det utdanna skipsnavigatørar i Bergen på det som vart omtala

som Norden sin første navigasjonsskole. Frå 1853 vart navigasjonsutdanninga teke oppatt etter å ha lege brakk nokre år, men no som Bergen sjømannsskole.

I 1885 vaks det fram eit offentleg tilbod om maskinistutdanning ved Bergen maskinistkskole. Bergen maskinistkskole og Bergen sjømannsskole vart i 1993 slegne saman til Bergen maritime videregående skole og fagskole, med lokale på Nygårdstangen. 01.01.2017 vart Bergen maritime fagskole og Bergen maritime videregående skole skilt, og fagskoledelen vart slått saman med Bergen tekniske fagskole til den nye Fagskolen i Hordaland.

### **Bergen tekniske fagskole**

På slutten av 1800-tallet vaks ein annan fagskole fram i Bergen. Det var "Sløidskolen" som gav opphav til Bergen tekniske fagskole. "Sløidskolen" starta i 1886 for å førebu innføringa av sløydundervisning i folkeskolen. Oppslutninga var overveldande med over 800 påmelde elevvar. Ein knapp fjerdedel fekk plass ved skolen. "Sløidstyret" vedtok etter nokre års drift å starte opp fagskole i treindustri. I 1895 byrja dei 10 fyrste elevane.

Frå 1898 kom det ei metallavdeling inn i skolen og namnet Bergen fagskole vart for fyrste gong teken i bruk. I 1920 vart det òg sett i gang med undervisning innanfor ei eiga elektroavdeling. Namnet på skolen, Bergen tekniske fagskole, har vore i bruk sidan 1945, og fram til samanslåinga med Bergen maritime fagskole i 2017.

### **Fagskolen på Rubbestadneset vidaregåande skule**

Rubbestadnes vidaregåande skule er nabo med høgteknologibedrifta Wärtsilä, tidlegare Wickman. Motorfabrikken på Rubbestadneset påverka i stor grad framveksten av fagskoleutdanninga ved yrkesskolen. Det var motorfabrikken på Rubbestadneset som tok initiativ til å opprette ein yrkesskole på Bømlø, og fekk med seg ordførarane i Bremnes, Moster, Bømlø og Fitjar.

Skolebygget stod ferdig i 1950, og frå 1951/52 overtok Hordaland fylkeskommune drifta av skolen. Skolen sitt mål var frå starten av å gje utdanning i handverk-, industri- og servicefag i samsvar med dei krav som arbeidslivet stiller til ei kvar tid. Frå 1976 fekk Rubbestadnes yrkesskole eksamensrett for maskinistfag, og med det fagskoleutdanning innanfor maritime fag (Rubbestadnes yrkesskole gjennom 50 år). Fagskolen vart lagt ned i 2010 på grunn av sviktande rekrutteringsgrunnlag.

### **Austevoll maritime fagskule**

Fiskarfagskolen, som fagskolen opphaveleg heitte, starta opp på seglskuta "Statsraad Lemkuhl" i 1946 og var ein statleg skule. Frå 1952 vart skolen flytta til lokale på Laksevåg, og i 1978 flytta skolen til Austevoll kommune. Opplæringa ved skolen er nært knytt til sjø, og skolen har skipsleia lett tilgjengeleg. I Austevoll har fiske og fangst vore inntektskjelder i generasjonar. I dag er andre maritime næringar som offshore og havbruk blitt like viktige næringsvegar for kommunen som fiske. Austevoll maritime fagskole vart slått saman med Bergen maritime fagskole i 2013, med eigen studiestad på Austevoll.

### **Voss tekniske fagskule**

Tilbodet med to-årig teknisk fagskole i husbygging og anleggsteknikk starta opp hausten 1990 med 23 studentar. Fagskolen starta opp på Vatle, men flytta etter ei stund over til avdeling Bryn.

Fagskolen har hatt fleire studentar frå nabokommunane, enn den har hatt frå Voss. Ei forklaring kan vere at det er dei større entreprenørane med mange tilsette som har høve til å la tilsette få to år på skolebenken. Slike verksemdar er det få av på Voss.

I 2013 vart fagskolen på Voss slått saman med Bergen tekniske fagskole, med eigen studiestad på Voss. Studiestaden er i dag flytta til nye Voss vidaregåande skule.

### **Hjeltnes fagskule**

Initiativet for å få ei offentleg godkjent utdanning for arboristar i Norge kom frå Norsk Trepleieforum avdeling Vest til Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen, Norsk Trepleieforum (NTF) og Hjeltnes starta arbeidet med planlegging av studiet i 2006, og i 2009 kom godkjenninga frå NOKUT (Norsk Organ for Kvalitet i Utdanningen). Studiet starta opp hausten 2010 på Hjeltnes, Ulvik i Hardanger, og har på dei 3 første studentkulla utdanna 32 arboristar! Hjeltnes fagskule vart slått saman med Bergen tekniske fagskole i 2013 med eigen studiestad på Hjeltnes. I dag er det også godkjent utdanning innan Lokal matkultur ved studiestaden Hjeltnes.



## **Hordaland helsefagskule**

Hordaland helsefagskule bestod opphavelig av Fusa fagskule og Fitjar fagskule. Dei to fagskolane starta i 2008 med å tilby fagskoleutdanning innan helsefag. I 2013 vart dei to fagskolane slått saman til Hordaland helsefagskole. Helsefagskolen hadde då 8 godkjente fagskoleutdanningar og Fitjar fagskule. Dei to fagskolane starta i 2008 med å tilby fagskoleutdanning innan helsefag. I 2013 vart dei to fagskolane slått saman til Hordaland helsefagskole. Helsefagskolen hadde då 8 godkjente fagskoleutdanningar innan helsefag, med godkjente studiestader fleire stader i fylket. Likevel har det hovudsakeleg vore gitt undervisning i Bergen på grunn av låg rekruttering i distrikta. I 2018 vart Hordaland helsefagskole slått saman med Fagskolen i Hordaland.

## **2.6 FAGSKOLEN I UTDANNINGSSYSTEMET**

### **- HØGARE YRKESFAGLEG UTDANNING**

01.07.2018 tråtte ny *Lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskolelova)* i kraft. Den nye fagskolelova er ei oppfølging av Meld. St. 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden og stadfestar at fagskoleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande utdanning. Tidlegare var ei fagskoleutdanning definert som ei utdanning som bygger på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarende realkompetanse. I tillegg vart omgrepet fagskolepoeng endra til studiepoeng.

Fagskoleutdanningar skil seg frå anna høgare utdanning ved at dei er korte, yrkesretta utdanningar på minimum 60 til 120 studiepoeng. Det kan etablerast fagskoleutdanningar på inntil 180 studiepoeng ved særskilte krav til sertifiseringar som krev lengre utdanningstid enn to år. Vidare er det ikkje krav til at fagskoleutdanningar skal vere forskingsbasert slik som ved anna høgare utdanning.

## **2.7 FAGSKOLEN I HORDALAND I DAG**

### **Organisering**

Tidlegare Fagskolane i Hordaland er i dag slått saman til éin fagskole - Fagskolen i Hordaland. Hovudadministrasjonen er lokalisert i Haugeveien 28 på Nordnes. Fagskolen har godkjenningar for ei rekkje studiestader, men pr. i dag vert det gjeve undervisning på Nordnes, Nedre Nygård, Voss, Hjeltnes, Austevoll og på Stord. Næringslivet sine behov for utdanning er styrande både i høve til kva utdanningar som vert utvikla og kor det vert etablert studiestader. Studiestaden på Stord er eit eksempel på dette, og nye samarbeid med til dømes Gode sirklar og Hordaland fylkeskommune kan i framtida danne grunnlag for fleire studiestader i fylket. Ei rekkje verksemdar i samarbeidsprosjektet med Gode sirklar og framtidig kompetanseklynge i nye Øygarden kommune har behov for omstilling og etterutdanning, og eit lokalt etterutdanningstilbod kan vere løysinga på verksemdene sine behov for omstilling og etterutdanning. Ein ny studiestad i den nye «Kystbyen på Straume» kan såleis verte aktuell.

### **Tilsette og studentar**

I dag er det om lag 120 tilsette og 1200 studentar ved Fagskolen i Hordaland. Skoleåret 2018/19 er det totalt starta opp 49 klassar. Av desse er det 21 heiltidsklassar, 23 klassar ved nettbasert studie med samlingar, og 5 deltidsklassar. Fagskolen har om lag blitt tre gongar så stor dei siste fem åra, noko som delvis skuldast samanslåingane, men også ein auke i rekruttering og utdanningstilbod. Studietilboda på Stord; CNC og robotteknologi og Lokal matkultur, er døme på ny utdanningsaktivitet og nye utdanningar. Denne utviklinga er i tråd med regjeringa si satsing, samt oppmodingar frå NOKUT om å verte færre og større fagskolar, samt å auke studenttalet.

### **Utviklingsmidlar**

Regjeringa fekk i 2017 støtte av Stortinget til å løyve årlege midlar til prosjekt som bidreg til auka kvalitet i fagskoleutdanninga, betre læring for studentane og til å styrke den yrkesfaglege relevansen. I 2017 søkte Fagskolen i Hordaland om midlar og fekk tildelt 7,8 millionar til dei to prosjekta «Auka kvalitet i undervisninga med hjelp av digitalisering» og «Elkraftsimulator».

Den totale kostnaden for «Elkraftsimulator» er på omlag 7,7 mill., og Kunnskapsdepartementet gav tilskot på 50 % av investeringa. Resten av kostnadene vart dekte av skolen saman med investeringsmidlar frå Hordaland fylkeskommune. Elkraftsimulatoren er installert og tatt i bruk i undervisninga.

Fagskolen i Hordaland søkte om, og fekk løyvd om lag kr 3,9 mill. til e-prosjektet «Auka kvalitet i undervisninga med hjelp av digitalisering». Prosjektet som hadde ei kostnadsramme på om lag kr 6,2 mill. hadde som mål å medverke til auka kvalitet i undervisninga gjennom kompetanseheving og kursing av lærarane og innkjøp av naudsynt utstyr og programvare. For å sikre ein grunnleggjande nettpedagogisk kompetanse vart alle lærarane sertifisert Nettlærer, Nivå 1: Digitale verktøy. Fagskolen har også gått til anskaffing av naudsynt programvare for nettmøte og digital samhandling. Skolen har installert tre digitale auditorium og sju digitale klasserom fordelt på dei ulike studiestadene, samt gått til nyanskaffing av koffertar med mobilt overføringsutstyr og drone for undervisning frå feltet.

I 2018 fekk skolen igjen friske midlar frå Kunnskapsdepartementet. Kr. 3 mill. vart løyvd for vidareføring av e-prosjektet «Auka kvalitet i undervisninga med hjelp av digitalisering». Dette er såleis fase 2 av prosjektet og vil ha eit klart didaktisk og pedagogisk fokus. Skolen vil utarbeide ein modell for nettbasert undervisning og sikre systematisk og føreseieleg rettleiing og samhandling på nett. Intern og ekstern kursing med påfølgjande sertifisering av lærarane vil halde fram. Skolen vart også løyvd kr 122 000 til kompetanseheving av lærarar innan Bygningsinformasjonsmodellering (BIM) som har vore etterspurt i næringslivet.

Den gode uttellinga i begge utlysingsrundar syner at skolen har treft godt med sine søknader. Utviklingsprosjekta det har vorte søkt midlar til er tidsriktige og i tråd med myndigheitene sine intensjonar om målretta kvalitetsheving i undervisninga.

Fagskolen i Hordaland er inne i ein spennande utviklingsfase. Eit omfattande pedagogisk utviklingsarbeid er i ferd med å implementerast og vidareutviklast, og ny teknologi blir tatt i bruk i undervisninga. Fagskolen i Hordaland ønskjer å stå fram som ein «trendsettar» og førebilete for andre fagskolar. Det er derfor viktig at momentum vert oppretthalde og vidare finansiert.

Utover kvalitetsmidlar frå KD eksisterer det ei rekkje tilskotsordningar for fagskoleutdanningar. Fagskolen i Hordaland fekk i 2017/2018 kr 780 000 til kompetanseheving innan leiing av krevjande maritime operasjonar. Det har og vorte løyva kr 488 000 til kursverksemd innan simulatorbruk og tankskip . Om lag 1,1 mill. er løyvd til utarbeiding av læremiddel og pilotforsøk for digital eksamen.

**«Det eksisterer ei rekkje ulike tilskotsordningar, og Fagskolen i Hordaland finansierer fleire utviklingsprosjekt via desse. Søknadsprosessane er tidkrevjande, og det vil derfor vere viktig å dedikere tid og ressursar til dette arbeidet.»**

### **Prosjektundervisning vs. klasseromsundervisning**

Årleg leverer studentane ved Fagskolen i Hordaland om lag 100 hovudprosjekt, alle i samarbeid med næringslivet. Tilbakemeldingane frå studentane, og erfaringane frå dette, syner at studentane sitt engasjement og læringsutbytte er stort ved denne arbeidsforma. Byggutdanninga ved fagskolen har tidlegare hatt tradisjon for prosjektundervisning og hausta gode erfaringar frå denne måten å organisere undervisninga på. Vidare samarbeider fagskolen med Via University College i Horsens og har ei rekkje gongar vore på skolebesøk hjå dei. Universitetshøgskolen praktiserer i stor grad prosjektundervisning og kan vise til gode resultat.

**«På bakgrunn av dette ønskjer Fagskolen i Hordaland å ha eit fokus på prosjektundervisning.»**

### **Generelt læringsutbytte vs. spesialisert utdanning**

I dag er utdanningane ved Fagskolen i Hordaland lite spesialiserte. Ein fagskoleingeniør som ønskjer å orientere seg mot kraftleverandørmarknaden oppnår same læringsutbytte som ein fagskoleingeniør som tar sikte på å verte sakshandsamar i ei installasjonsbedrift.

Nye bruksområde, nye bransjar og ny teknologi utviklast raskare og i eit større omfang enn nokon gong tidlegare. Mottakarar av fagskolen sine studentar, både offentlege og private verksemdar, har forventningar om at fagskolen som utdanningsinstitusjon fangar opp dette.

Som ein av landets største og leiande fagskolar bør Fagskolen i Hordaland liggje heilt i forkant av denne utviklinga. Døme på dette kan vere å dreie heile eller delar av studentane sitt andre studieår inn mot vindmølleteknologi, batteriteknologi, industri 4.0 og industriell digitalisering, robotteknologi, bioteknologi, solcellepanel osv.

**«Skolen ønskjer derfor å vurdere moglegheita for å utvikle og i større grad tilby utdanningar som er betydeleg meir spesialiserte mot aktuelt fagfelt.»**

### **Svingingar og etterspurnad i næringane**

Uteksaminerte fagskoleingeniørar er svært etterspurt og ettertrakta. Kombinasjonen yrkeserfaring/fagbrev med teoretisk vidareutdanning gjer fagskolestudentane svært anvendelege på ei rekkje fagfelt. Fagskolen i Hordaland har rekordhøge søkjartal, og til studieåret 2018/19 var det registrert 1200 søkjarar til utdanningane ved fagskolen.

Elkraft, Bygg og Maskinteknikk var dei mest populære utdanningane denne våren. Dei maritime utdanningane har også stor pågang av søkjarar. Petroleumsutdanningane har tidlegare vore svært ettertrakta, men har i ein periode hatt få søkjarar i samband med nedturen i olje- og gassektoren. Søkjartala til petroleumsutdanningane er i 2018 på veg opp igjen.

Dei to tidlegare fagskolane, Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole, vart slått saman under nedgangen i petroleumsutdanningane, og dette gjorde at den nye fagskolen kunne handtere ein reduksjon i studenttal utan å måtte seie opp personell. Den store faglege bredda Fagskolen i Hordaland har i dag er ein enorm styrke i høve til å kunne dra veksling på kompetanse fleire stader. Svært positivt er det også å kunne konstatere at talet på søkjarar til andre utdanningar som Anlegg, Arborist og Helsefag har auka etter at utdanningstilboda vart samla under ein stor fagskole.

Dei to tidlegare fagskolane, Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole, vart slått saman under nedgangen i petroleumsutdanningane, og dette gjorde at den nye fagskolen kunne handtere ein reduksjon i studenttal utan å måtte seie opp personell. Den store faglege bredda Fagskolen i Hordaland har i dag er ein enorm styrke i høve til å kunne dra veksling på kompetanse fleire stader. Svært positivt er det også å kunne konstatere at talet på søkjarar til andre utdanningar som Anlegg, Arborist og Helsefag har auka etter at utdanningstilboda vart samla under ein stor fagskole.

Norsk økonomi og sysselsetting er i betring, og det er forventa framleis positiv utvikling. Oljesektoren og industrien har auka etterspurnad og rekruttering av kompetanse, og må tidvis på nytt hente utanlands arbeidskraft. Vidare er yrkesretta utdanning løfta fram av regjeringa i si satsing og fokus på vidareutdanning og omstilling i arbeids- og næringsliv, og behov for framtidig arbeidskraft innan ei rekkje fagfelt. Det er derfor forventa at talet på søkjarar til fagskolen vil auke.

CNC og robotteknologi og Lokal matkultur er nyleg godkjende utdanningar ved Fagskolen i Hordaland, og ein klasse innanfor kvart fagfelt starta opp hausten 2018. Fagskolen fekk også godkjenning for nytt tilbod innan Klassisk bygningshåndverk og restaurering som kan starta opp allereie hausten 2019. Desse tilboda er døme på nye utdanningar som er blitt til på bakgrunn av etterspurnaden i næringslivet.

På bakgrunn av behovet for omstilling i næringslivet og utvikling av ny teknologi, vil nye kompetansebehov danne grunn for nye utdanningstilbod også i framtida. For at fagskolen skal kunne møte dei raske og skiftande behova vil det vere ein stor føremon å få fagområdeakkreditering som gjer at fagskolen kan opprette studietilbod og studiestader sjølv utan å søkje NOKUT. Fagområdeakkreditering er ei godkjenning som NOKUT kan gje ein fagskole innan eit bestemt fagområde etter søknad. For å kunne søkje NOKUT om fagområdeakkreditering må fagskolen ha ei viss breidde i fagmiljøet og etablerte system for utvikling av nye utdanningar. Prosessen med å utvikle nye utdanningar vil kunne gå mykje raskare med ei fagområdeakkreditering, og Fagskolen i Hordaland ønskjer å søkje om slik akkreditering innan bygg og elektro.

**«Ein fagområdeakkreditering vil gjere at Fagskolen i Hordaland enklare og raskare kan tilpasse seg næringslivet sitt kompetansebehov og såleis sikre framleis stor etterspurnad etter fagskoleingeniørar frå Fagskolen i Hordaland.»**

## **2.8 MORGONDAGENS FAGSKOLE**

### **Fornybar energi og det grønne skiftet**

Fornybar energi er energi frå kjelder som har ei kontinuerleg tilføring av ny energi. Fornybar energi har ingen eller svært låge klimagassutslepp, og auka bruk av fornybare kjelder er naudsynt om verda skal nå sine klimamål.

Døme på teknologiske løysingar som inngår i eit fornybart energiperspektiv er:

- Bioenergi; energi som kjem frå ulike typar biologisk materiale/biomasse
- Hydrogen; eit grunnstoff som naturleg eksisterer i store mengder og som kan bli framtidens energibærer
- Smartgrids; digitalisering vil i større grad bidra til overvaking, styring og automatisering av nettet
- Solenergi; produksjon av energi frå sola ved hjelp av solceller, solfangarar og passiv solvarme
- Vindkraft; vindturbinar som produserer straum ved å omdanne vindens bevegelsesenergi til elektrisk kraft
- Vannkraft; vannets fallenergi vert gjort om til mekanisk og/eller elektrisk energi
- Batteriteknologi; moderne batteri mogleggjer heilt nye bruksområde

Isolert sett er alle energikjeldene nemnt over kjende. Det som nå kjenneteiknar utviklinga er at forskning og utvikling og nye teknologiske løysingar gjer einsskilte energikjelder meir anvendelige og lønsame. Solceller er blitt rimelegare og meir effektive, batteriteknologien gir heilt nye moglegheiter for lagring av energi, bruk av hydrogen og brenselceller er i ferd med å verte ein realitet. Samfunnet i det heile, sentrale myndigheiter, offentleg og privat næringsliv og ikkje minst forbrukarane er pådrivarar til det grønne skiftet, og auka bruk av fornybar energi.

**«Ser ein til andre utdanningsinstitusjonar som til dømes NTNU, er utdanningar med fokus på fornybar energi godt etablert. Fagskolen i Hordaland har alle føresetnader for å tilretteleggje for tilsvarande utdanningar, og på den måten bidra til den pågående og komande grønne omstillinga.»**

### Helsefagskoleutdanningar

I dag har fagskolen godkjente helsefagskoleutdanningar på deltid over to år (eitt år i omfang). Etterkvart som desse utdanningane har vorte meir kjent og etterspurt i arbeidslivet har rekrutteringa auka. På sikt vil det gjerne vere nye behov for nye og lengre utdanningar. Dagens utvikling i samfunnet i høve til ein framtidig kompetansemangel i helse- og omsorgssektoren krev endring og omstilling. Fleire arbeidsgrupper vil trenge auka og spesialisert kompetanse. Døme på dette er at fagarbeidarar kan ta over einsskilte oppgåver som i dag ligg til andre dersom dei har den rette spesialiseringa med fagskoleutdanning.

**«Fagskolen i Hordaland bør vere ein viktig bidragsytar til kompetanseheving og spesialisering i helse- og omsorgssektoren for å skape framtidens helsearbeidarar med spesialisert kompetanse.»**

### Helseteknologi

Helseteknologi er mellom anna definert som bruk av organisert kunnskap og ferdigheiter i teknisk utstyr og system som er utvikla for å løyse eit helseproblem og forbetre livskvalitet. Informatikk (computer science) har stor og aukande utnytting innan mellom anna logistiske og administrative prosessar, styring og overvaking av medisiner, informasjonshandtering, kommunikasjon samt både gamle og nye typar medisinsk utstyr inkludert robotikk.

**«Skolens tekniske og helsefaglege kompetanse, saman med eit godt samarbeid med Helse Vest, særleg Helse Bergen og omliggande kommunar, kan danne eit godt grunnlag for å kunne etablere ei utdanning innan eksisterande og framtidige viktige fagfelt.»**

### Havromsteknologi

Ein stor del av Norge sine inntekter kjem frå den marine bransjen. Aktiviteten til havs er viktig både for lokalmiljø og for landet, og ikkje minst er denne aktiviteten viktig for å løyse mange av verdas framtidige utfordringar. Dette vere seg innan matproduksjon, transport, energiproduksjon og anna.

**«Norge skal i neste tiår bli verdsligande i havrommet. Fagskolen i Hordaland har komparative fortrinn som utdanningsinstitusjon til å bidra til dette.»**

### Industri 4.0. og industriell digitalisering

Dei fire industrielle revolusjonar:

1. industrielle revolusjon; 1750-1870 - dampmaskiner og spinneri
2. industrielle revolusjon; 1880-1920 - masseproduksjon, telegraf, telefon, bil, vasskraft og prosessindustri
3. industrielle revolusjon; 1970 – 2010 enkel automatisering, bruk av IKT og internett

4. industri 4.0; full automatisering, smarte produkt, digitalisering og robotar. Internett smeltar saman med produksjon, produkt og robotar. «Intelligente» komponentar koplast saman og gir kvarandre instruksar via internett. Robotar koplast saman med andre komponentar og system som alle kommuniserer i eit større system og organiserer seg sjølv.

**«Som ein av landets største og leiande fagskolar må Fagskolen i Hordaland ta del i utviklinga innan Industri 4.0 og bidra til å førebu framtidens fagskoleingeniørar på framtida.»**

### **BIM – Bygningsinformasjonsmodellering**

Med bygningsinformasjonsmodellering (BIM) kan all digital bygningsinformasjon koordinerast og nyttast i alle fasar av byggeprosessen. Involverte partar kommuniserer gjennom modellane, og dette gir kvalitetssikring; mindre feil, og rasjonaliserte byggeprosessar, forvaltning, drift og vedlikehald.

**«Næringslivet er tydeleg på at BIM-kompetanse er ønska for morgondagens fagskoleingeniørar innanfor mellom anna fagdisiplinane bygg, elektro, VVS og KEM.»**

### **Fagområdeakkreditering**

Arbeidet med å søke om fagområdeakkreditering er igangsett. Det vert søkt om fagområdeakkreditering for Elektro og Bygg. Ei fagområdeakkreditering betyr at fagskolen kan opprette og kvalitetssikre studietilbod på eiga hand, utan å søke NOKUT. Dette vil bidra til ein mykje enklare og raskare søknadsprosess for nye studieretningar. Med fagområdeakkrediteringa vil fagskolen kunne ligge i forkant i høve til trendar og utvikling i næringsliv og samfunn, og på den måten ha moglegheit til å imøtekomme arbeidslivet sine behov raskare, vere ein tydelegare aktør og drive sektoren framover.

### **Regionreforma – nytt fylke frå 2020**

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er i prosess med å verte ein ny region frå 2020 – Vestland fylkeskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune har éin fagskole – Fagskulen Sogn og Fjordane – og Hordaland fylkeskommune har Fagskolen i Hordaland. For fagskolane vil regionreforma gje moglegheiter for større breidde og regionalt nedslagsfelt i den nye vestlandsregionen. Dei to fagskolane i den framtidige regionen har allereie i dag ei rekkje samarbeidsarenaer, og i framtida vil ein saman kunne styrke seg ytterlegare.

### **Nytt skolebygg på Laksevåg i 2023**

Fylkestinget har vedteke at det skal byggast eit nytt bygg på Laksevåg for Fagskolen i Hordaland. Bygget skal romme både fagskolen og Nye Laksevåg videregående skole (namn ikkje fastsett) som to separate driftseiningar. Byggjstart er i 2020, og ein ser føre seg at skolebygget skal gje rom for ein vidare vekst i fagskolen.

### **Samarbeid næringsliv og klynger**

Fagskolen i Hordaland samarbeider med ei rekkje verksemder. Samarbeidet kan ha form som hovudprosjekt, ekskursjonar og føredrag på skolen. Vidare vert skolen sine samarbeidspartnarar invitert til ein fagdag på skolen for gjensidig erfaringsutveksling og for i fellesskap å sjå inn i framtida i høve til kompetansebehov. I etterkant av ein slik fagdag får verksemdene tilsendt eit elektronisk spørjeskjema med førespurnad om å melde tilbake tiltak, forbetringar og justeringar i høve til korleis verksemdene som mottakarar opplever studentane sitt oppnådde læringsutbytte.

I den seinare tid har fagskolen etablert samarbeid og dialog med ein del større klynger. Døme på dette er:

- **Norsk Tysk Handelskammer, Mittelstand 4.0 Kompetenzzentrum og Atheno;** I april 2018 deltok representantar frå fylkeskommunen og fagskolen, saman med ei rekkje andre representantar frå offentleg og privat arbeidsliv, på ei studiereise arrangert av Norsk Tysk Handelskammer til Augsburg. Tema for reisa var det duale utdanningssystemet i Tyskland og industri 4.0. Eit punkt på programmet var besøk på Mittelstand 4.0 Kompetenzzentrum. Finansiert av Bundesministerium für Wirtschaft und Energie (BMWi), yter dei bistand til små og mellomstore verksemder med kunnskap om Industri 4.0 og industriell digitalisering. Representantane og miljøet på Mittelstand 4.0 Kompetenzzentrum stod

fram som svært kunnskapsrike, engasjerte og inkluderande. Fagskolen i Hordaland ønskjer å vidareutvikle den etablerte kontakten og om mogleg få til ein samarbeidsavtale.

- **Atheno;** Atheno er Sunnhordland sitt næringsutviklingsselskap. I samband med eit mogleg samarbeid med Mittelstand 4.0 Kompetenzzentrum har Atheno meldt si interesse for å samarbeide med fagskolen. Atheno har søkt om middel til eit prosjektet for å utvikle neste generasjons industriarbeidar og teknologibruk innan industriell prosjekt driven produksjon. Verksemdene står overfor ei utvikling som vil endre norsk industri med nye marknader og forretningsmodellar; prosessar som må optimaliserast gjennom automatisering og digitalisering. Kompetanse som skapar fleksibilitet og utnytting av digitale løysingar må utviklast og takast i bruk. Saman med Fagskolen i Hordaland vil Atheno samarbeide med ein eller fleire tyske organisasjonar om utveksling av lærarar, studentar og prosjekt. Ein mogleg samarbeidspartnar vil då vere Mittelstand 4.0 Kompetenzzentrum i Augsburg.
- **Gode Sirklar;** Gode Sirklar som representerer ei rekkje samarbeidsverksemdar skal saman med Sund, Fjell og Øygarden tilføra regionen forskingsbasert kunnskap og kompetanse på internasjonalt nivå til næringsutvikling, nyskaping og utvikling av eksisterande verksemdar. Fagskolen deltar saman med bl.a. Høgskolen på Vestlandet og Hordaland fylkeskommune i prosjektet «Framtidas kunnskapsklynge i Nye Øygarden kommune».
- **GCE Subsea;** består av over 100 verksemdar som utviklar og leverer kompetanse og teknologi til installasjon, drift og vedlikehald av undervass-installasjonar.
- **NCE Maritime Cleantech;** Næringsklynga inneheld verksemdar frå heile den maritime verdikjeda og har som mål å lansere innovative løysingar for energieffektive og miljø- og klimavenlege maritime aktivitetar.
- **NCE Seafood Innovation Cluster;** Klynga representerer 150 små og mellomstore verksemdar, og spelar ei leiande rolle i ei berekraftig utvikling av næringa gjennom store investeringar i forskning, utvikling og innovasjon.

Klyngesamarbeidet bør styrkast og vidare utviklast. Fagskolen vil også vurdere å inngå avtalar med andre næringsklynger. Døme på dette kan vere NCE Aquatech, NCE iKuben, NCE Eyde, NCE New Energy, og NCE Norway Health Tech.

***«Deltaking og samarbeid i næringsklyngene gjer det mogleg for pedagogisk personell og studentar, på ein kosteffektiv måte, å knyte nettverk med dynamiske innovasjonsmiljø og få tilgang på ny teknologi. Fagskolen i Hordaland har som mål at klyngesamarbeid skal vere ein viktig del av skolen sitt pedagogiske utviklingsarbeid og utvikling av studieplanar.»***

#### **Deltaking i andre fora**

Fagskolen i Hordaland er representert i Rådet for offentlege fagskoler (RFF), Nasjonalt utvalg for teknisk fagskole (NUTF), Nasjonalt fagskoleråd (NFSR), og rektor ved Fagskolen i Hordaland deltar også i Ekspertutvalget for etter- og vidareutdanning.

Årleg gjennomfører Fagskolen Innlandet ein lærarkonferanse på Gjøvik, og Fagskolen i Hordaland har tradisjon for å delta på desse konferansane. Det har likevel over tid blitt eit ønskje om å «re-etablere» ein Vestlandskonferanse for lærarar. I samarbeid med Fagskolen Sogn og Fjordane og Fagskolen i Ålesund arrangerte Fagskolen i Hordaland Vestlandskonferansen 2018; ein konferanse for lærarar på dei tre fagskolane nemnt over. Lærarar ved dei maritime utdanningar deltar årleg på lærarkonferansen for maritime fagskolar.

***«Som ein av landets største og leiande fagskolar er det svært viktig å delta på dei nemnte arenaene og bidra til framleis positiv utvikling av fagskolesektoren og tilhøyrande rammeføresetnader.»***

#### **Utdanningsmesser**

Dei siste åra har Fagskolen i Hordaland deltatt på ei rekkje utdanningsmesser. Utdanningsmesser vert årleg arrangert på Stord, Sotra, Nordhordland, Os og Bergen. Effekten av å delta på desse er noko usikker for fagskolen. I tillegg har fagskolen vorte presentert for rådgjevarar på ungdomsskolar og vidaregåande skolar i Hordaland. Dette har slått svært godt an og vist seg å vere svært nyttig. Fagskolen i Hordaland vil derfor

prioritere å oppsøke rådgjevingstenesta på dei mest sentrale skolane og på den måten bidra til auka fokus og interesse for fagskolen.

### **Rekruttering av personell**

Som nemnt tidlegare har fagskolen over tid hatt ein svært låg turnover. Samtidig har naturleg avgang og utviklinga av nye utdanningar skapt eit behov for rekruttering av nytt personell. Responsen på annonsane til Hordaland fylkeskommune har vist seg å vere svært låg for fagskolen. Skolen sine ledige stillingar vert annonsert i ein fellesannonse med dei vidaregåande skolane og kjem i bakgrunnen. Skolen si målgruppe – erfarne ingeniørar/sivilingeniørar og maritime offiserar med lang og variert erfaring – er ofte ikkje aktive jobbsøkkjarar. Dette har gjort det naudsynt å nytte fagskolen sitt nettverk og lyse ut eigne annonsar, i tillegg til å leige inn gjennom bemanningsbyrå.

Med aukande krav til fagskoleutdanning og ei rivande teknologisk utvikling er det tvingande naudsynt å leggje til rette for ei effektiv rekruttering av undervisningspersonell. Eit tydeleg skilje mellom fagskolen og dei vidaregåande skolane er uttalt både i høve til organisering og plassering, og det har over tid vore eit ønskje om å tydeleggjere fagskoleutdanninga og fagskolen si plassering i utdanningssystemet.

**«Styret og fagskolen bør sjå på løysingar for meir administrativ fristilling, og ei administrativ tydeleggjering i fylkeskommunen.»**

### **Kursverksemd**

Fagskolen i Hordaland har i ulike variantar og i varierende utstrekning gitt tilbod om kurs til offentleg og privat næringsliv. Døme på dette er EKOM, forkurs for ingeniør, KEM-kurs for Hordaland fylkeskommune ved eigedomsavdelinga, maritime kurs mm.

Nyleg vart det inngått ein avtale med Kværner AS på Stord om kurs i Maskin ISO og Frank Mohn om kurs i hydraulikk. Samarbeidet med Gode sirklar og prosjektet Framtidig Kompetanse i Nye Øygarden Kommune legg opp til å etablere modulære kurs til kommunen sine verksemder på bakgrunn av kommunane sine behov for etter- og vidareutdanning i ein større omstillingsprosess.

Fagskolen i Hordaland må arbeide meir med å tilby kortare kurs og utdanningar i regionen for å mellom anna kunne tilby kompetanseheving i samband med omstillingar. Dreining av kompetanse var mellom anna viktig under nedturen i olje- og gassektoren, og slike dreiningar vil framleis vere aktuell i framtida. Ei fagområdeakkreditering vil vere eit viktig bidra i så måte.

Fagskolen i Hordaland har som omtalt opplevd, og vore ein del av, ei rivande utvikling dei siste 5 åra, og er i dag ein av landets største fagskolar. At dei tidlegare fagskolane i Hordaland har blitt til éin har gitt fagskolen både fagleg og administrative fortrinn i høve til å vere ein aktiv kompetanseleverandør i regionen.

**«Med utgangspunkt i skolen sin faglege breidde og svært kompetente medarbeidarar er det godt lagt til rette for å utvikle skolen sitt kurstilbod. For å få dette til bør dette etablerast som eit eige satsingsområde og tildelast naudsynte ressursar.»**

## **3.0 Strategi og satsingsområde for Fagskolen i Hordaland**

- Høg kvalitet i utdanninga med tilfredse studentar og næringsliv.
- Fagskolen skal framleis leggje til rette for utdanningar i regionen etter næringslivet sine behov for raskt å kunne etablere nye og fleksible utdanningar.
- Vere ein attraktiv arbeidsplass og rekruttere kompetente medarbeidarar til fagskolen.
- Vere ein regional utviklingsaktør ved å ligge i forkant med utdanningstilbod i høve til framtidig behov i offentleg og privat verksemd.
- Leggje til rette for gode overgangsordningar i utdanningssystemet.

### **3.1 Høg kvalitet i utdanninga med tilfredse studentar og næringsliv**

Fagskolen skal framleis oppretthalde fokus på pedagogisk utviklingsarbeid, ta i bruk ny teknologi i undervisninga, og i større grad variere undervisninga ved å nytte eksterne føredragshaldarar, ekskursjonar, men også etterleve eksisterande og nye rutinar for god kvalitet i undervisninga.

**«Fagskolen i Hordaland har som mål å oppnå ein score på 4,5 på studentundersøkinga innan skoleåret 2022/2023.»**

### **3.2 Fagskolen skal framleis leggje til rette for utdanningar i regionen etter næringslivet sine behov for raskt å kunne etablere nye og fleksible utdanningar.**

Fagskolen har gjennom til dømes Stord-modellen, samarbeid med CNC-miljøet på Osterøy og Slow Food-miljøet vist evne til å imøtekomme næringslivet sine kompetansebehov. På tilsvarande måte ønskjer fagskolen å vere rask med å etablere utdanningstilbod også i framtida etter kvart som nye behov veks fram. Fagområdeakkreditering vil vere eit viktig steg på vegen for å oppnå dette.

**«Fagskolen i Hordaland skal søkje om fagområdeakkreditering innan bygg og elektro 1. november 2018, og seinare vurdera andre fagområde.»**

### **3.3 Vere ein attraktiv arbeidsplass og sikre god rekruttering av kvalifisert arbeidskraft.**

Låg turnover hjå tilsette kjenneteiknar Fagskolen i Hordaland, og samtidig har skolen i den seinare tid lukkast med å rekruttere ingeniørar til ei rekkje nye stillingar. Rekrutteringsprosessen har likevel vist seg å vere krevjande.

**«Skolen har som mål å framleis leggje til rette for godt arbeidsmiljø og givande arbeidsoppgåver for dei tilsette, men også leggje til rette for ein rekrutteringsprosess som er tilpassa fagskolen sine behov frikopla frå dei vidaregåande skolane si rekruttering av lærarkrefter.»**

### **3.4 Vere ein regional utviklingsaktør og ligge i forkant av næringslivet sine behov.**

Levestandarden i Norge er i stor grad basert på høge oljeinntekter. Gradvis ser vi eit aukande behov for «ny olje» etter kvart som oljeinntektene vert lågare. Høg levestandard i andre land kjem frå verksemdar som stadig utviklar og finn opp morgondagens varer og tenester. Fagskolen må vere meir i forkant i høve til å møte kompetansebehov i framtida. Døme på dette er utdanningar innan fornybar energi, havromsteknologi mm.


**«Fagskolen i Hordaland har som mål å i større grad vere ein aktør som legg til rette og er ein pådrivar for nye kompetanseområde. Ei fagområdeakkreditering vil vere eit viktig element i dette.»**

### **3.5 Overgangsordningar**

I Stortingsmelding 9 (2016–2017) Fagfolk for fremtiden — Fagskoleutdanning vil regjeringa prioritere å gje eit løft til fagskolesektoren i høve til kvalitet, fagmiljø, studentvelferd, finansiering og styring. Fleire av tiltaka er retta mot betre overgangar til anna høgare utdanning. Hordaland fylkeskommune har også fokus på å betre overgangar mellom fagskoleutdanningane og anna høgare utdanning gjennom Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og Fagskolen i Hordaland vil vere ein viktig aktør i dette arbeidet.

**«Fagskolen i Hordaland har som mål å bidra til å utvikle overgangsordningar og tilrettelagte løp mellom fagskoleutdanningar og høgskoleutdanningar.»**





Haugeveien 28  
Postboks 1876, Nordnes  
5817 Bergen  
Telefon: 57 30 70 00  
E-post: [post.fih@hfk.no](mailto:post.fih@hfk.no)  
[www.hfk.no/fagskole](http://www.hfk.no/fagskole)

